



Richard Tangen
TOSKAVEGEN 591
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2892 - 22/42261

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
01.06.2022

Ferdigattest - gbnr 443/4 m.fl Toska

Administrativt vedtak: Saknr: 619/22
Tiltakshavar: Richard Tangen
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for naust, kai og flytebrygge på gbnr 443/4.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.03.2018 og 11.07.2018 i sak 15/1331. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 31.03.2022.

Skildring

Adresse:	Toskavegen
Bygningstiltak:	Naust, kai og flytebrygge
Bygningsnummer:	300787617
Bruksareal:	Kvart naust opplyst med BRA ca. 40 m ² Flytebrygge opplyst med lengd på 24 meter og breidde på ca. 5,5

	meter. Kai opplyst med lengd på om lag 42,5 meter og breidd på om lag 3 meter framom nausta.
Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2892

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hammar-Kameratane AS	Hella 60	5936	MANGER
Richard Tangen	TOSKAVEGEN	5936	MANGER
	591		